AUSTAVINDEN

ORGAN FOR VIDREK GRENDELAG

ÅRG·13 JULA 1991 NR·1

FRÅ REDAKSJONEN :

AUSTAVINDENS JULENUMMER 1992

Dersom det er noen som trur de har blitt uteglømt på AUSTAVINDEN si postliste i år, kan vi no berolige dem. Saka er at dette er første (og siste) nr. i år. Men ettersom det dermed heller ikkje er blitt innkrevd bladpengar i år, reknar vi ikkje med rettssaker for manglande levering av varen.

Spøk til side. Redaksjonen - og i serleg grad redaktøren - kan berre beklage at det har blitt så lite AUSTAVIND i år. Undskyldningar fins det jo egentlig ikkje, anna enn dette med kampen mellom tida og alle dei mange gjøremål ein er innvikla i - året på tamp.

Når sant skal seies, er det med nauda det blei eit julenummer, óg. Bladet du held i handa er blitt til i eit siste kraft-skippartak tett oppunder jul, - og det ber det kanskje preg av, for alt vi veit. Men vi må få takke alle dei naboane som har tatt kort-frista utfordringar om skriving på strak arm og levert stoff!

Vi sender bladet til alle som fekk det forrige nummeret, som var julenummeret 1990. Den vidare skjebna til bladet er det årsmøtet i Grendelaget som må avgjøre. Men alt vil nok stå og falle på om det er folk som vil stille til den neste redaksjonen. Vi lar det gå til ettertanke og utfordring for lesarane. I alle fall kan vi love raske karriærar: frå menig lesar til redaksjons-stol er vegen kort her i AUSTAVINDEN!

Redaksjonen takkar for seg, og ønsker den neste hell og lykke!

Martin Indregard (red) Edith Larsen

Jan Jørgensen Hans Gundersen

GOD JUL!



SMÅNYTT FRA BYGDA...

*** I mars blir det stordag i Holtvik: Alvilde rundar sine 90 år. Vi gratulerer på førehand!

*** Ho Olga og han Nils er - som vanlig - observert i flittig arbeid med malerkost og vøling, heile sommaren, attom den stadig flottare syren-skogen. Vel blåst!

*** Av nymotens juleskikkar er vel den med jultrelys i busken utomhus en av de som har gripe mest om seg. Det er nesten utrulig kor man plutselig bli oppmerksom på busker man aldri trudde var der, når de skin i vinter-mørtna som reine åpenbarelsa. Og prisen for den mest originale løysinga på mote-presset trur vi går til han Alf Harald i år!

*** Den før så skumle og mystiske Manndalskogen har fått en solid ansiktsløfting de siste åran, etter som skogen er tynna ut. Det er endelig blitt mulig å sjå Svinåsen frå veien i Manndalen. Men kor gluntan skal ligge på lur og skremme vekjen no...? I alle fall: fint er det blitt.

*** Sivilforsvaret sitt beredskapslager i skolen blei skifta ut i år. Først var det dugnad for å sende av gärde det gamle lageret til ofra for Golfkrigen og Saddam Hussein. Så her blanda Vidrek seg inn i storpolitikken! At det blei problem med spisinga av maten fordi han ikkje var merka "svinefri", ante ingen då. Korsom er, nytt lager kom til Vidrek i sommar, og med ny dugnad blei alt lempa frå hand til hand ned i skolekjellaren. Vi får berre håpe det aldri blir bruk for lageret her i bygda!

*** Ho Marit er blitt bestemor - igjen! Den nye verdensborgerinna har fätt namnet Marion, og bor til daglig i Tromsø.

*** Heile husklønga på Indregard fekk ny maling i sommar, så endelig er alle husan like på farge igjen - lys grå med kvite lister (unntatt vedskjåen, sjølsagt, - der blei det Rød Odel). Etter et ärs tid med utstrakt katte-farming, krevde allergien at stammen måtte utryddes. Men ungan blei "sett bort", en i Ballangen, en hos han Torstein og en i Håkvik.

*** Etter mange år med flat topp har hytta hans Per Røren fätt ordentlig tak i sommar og haust. Reine eventyr-stua er det blitt!





*** Han Torstein - nybakt pensjonær - hadde heile sitt hus med på stor-seilas med Hurtigruta langs norskekysten i sommar. Et verdig punktum på en lang sailor-karriære! Men han var ikkje så lenge borte at bygdas mest velstelte oppkjørings-allé kom i ulage, må du tru. En pryd!

*** Og så gratulerer vi vår meir eller mindre faste forside-tegnar, Torgunn, med nytt sertifikat!

*** Vi gratulerer Roar med rundinga av de 20 år 13.12!

*** Han Hans er primus motor i Ofoten Lokallag av Norsk Ornitologisk Forening, som etter berre eit halvt ärs drift er ei av dei største fuglegranskar-foreningane i landet, med nesten 70 medlemmer. Aktiviteten har vore stor i haust, forstår vi. Hans hadde med seg ein skokk med byfolk på befaring av fuglelivet i "Ofotens perle". Eit fint tiltak!

*** Karine-stua står no tom (for ei tid?) etter at Rita, Thomas og Tina flytta til Framnes rett før jul.

*** Ho Magda har hatt bra med dotter-besøk i år, både ho Elin og ho Grete. Sistnemnte stilte på beredskapslagerdugnad med intet mindre enn mann, sønn og svigerdotteremne (og no har de visst gifta seg, og). Men ellers må vel ho Magda aspirere til tittelen "Mamma Universe": ho er den einaste på Vidrek som driv og legg seg opp med oldebarn - på Hawaii!

*** Hos han Arthur og ho Edith har det florert med aktivitet. Ikkje nok med at de har rydda skogen på "Deberg-haugen" og rydda seg skiløype/sti opp i terrenget; i tillegg har de lagt om oppkjøringa, grove og grøfta rundt heile huset, samt pussa opp og stelt både ut- og innvendig. Det grønne huset er no kvitt og fint. En storinnsats! Og attåt gjør de store anstrengelsa for å oppdra en ny hund - ho Sheeba.

*** Oddvar tok den gamle trafo-kiosken til sitt bryst på dens eldre dager, og då den fekk bordkle og maling blei den riktig fin. Ryktan - ubekrefta sådanne - seie at det rømmes både uthus- og litjhus-faciliteter i det.

*** Hos ho Anita og han Svein på Vollen er det kommen familieforøkelse sida sist: ei flott jenta som har fått namnet Mari. Vi gratulerer! - og spår gammelredaktøren av Austavinden harde tider när de tre sjarmtrollan hennes veks til og ho skal holde alle glunt-slarkan på avstand!

(Mer smånytt lenger bak...)



DYRE- OG FUGLELIV

I BYGDA



Virak er velsignet med besøk hvert år av både dyr og fugler som en kan glede seg over. Besøk av elg er riktignok blitt sjeldnere de par siste årene. När elgen beøkte oss på Grønvold, var det med kurs mot hekken rundt hytta til Ingrid og Reidar. - Mye forgjeves arbeid med den vakre hekken - som lyser ildrød om høsten - fikk Reidar til å gå til innkjøp av flere ruller hønsenetting og legge over hele den lange hekken. Det skjedde i 1989. Siden har nettingen ikke vært i bruk - og heller ikke nødvendig. - Utrolig nok har elgene holdt seg borte her. Kanskje det har gått rykter om hønsenettingen oppe i Virakfjellet?

Reven er en slu fyr, men for et par år siden fikk vi øye på en orntlig rusk som i mørket ved 23-tiden rak langs E6. Den ville kanskje ha haik? Nu for tiden har vi flere ganger sett ferske spor av rev om morgenen når det har snedd litt. Hvalpen vår viser i allefall engstelse over sporene, så den merker vel lukt av villdyret.

Småfugler ser vi forholdsvis lite av for tiden. Derimot er det ofte havørn å se i luften. Da er det nok fornuftig å passe på katter og små hunder. - Det sees også sjeldnere sjøfugler av og til. I sommer hadde vi fast besøk av et måsepar som ruget i takstigen til Karl Olsens hus. De kom over til oss for å få mat - og det gikk på skift. Vi hadde dem i full kost i hele sommer, og loffen fra billigkurven hos Myklevold på Ankenes fikk ben å gå på. Middagsrester tok de også imot. Det var først "han far" som fant venner i oss, og han lystret etter hvert navnet "Måsefar". Hunnen var mere sky, men vi ropte nu "Måsemor", og da nærmet hun seg villig. Hannen var godt kjennelig, for han hadde sånn kløe og hadde mistet halefjær.

En dag i sommer etter at Gunn og Oddvar var kommet nordover, kom Gunn over for en formiddagsprat. Da fortalte hun om en uhyggelig opplevelse natten før. Det ble et forferdelig leven ute på taket, og de skjønte fort hva som hadde skjedd med deres faste måsepar. Da de kom ut og kikket opp på taket, fant de tomme eggeskall. Det var eggrøvere blant stormåsen - deres artsfrender - som forsynte seg av den kommende generasjon. De stakkars foreldrene fløy rundt og skrek sårt.

Samme kveld, en time over midnatt omtrent, sto vi ferdig til å legge oss, da jeg fikk øye på 10-12 stormåser i åkeren like ved Oddvars hus. De oppførte en slags rituell krigsdans, liksom for å vigle opp hverandre. De kom gående med faste skritt og senkede hoder opp mot E6-en, og med kurs mot det stakkars paret hos Karl. Nu var det deres tur -. "Nei", sa jeg til Arthur,"dette skal ikke skje." Dermed



kastet jeg käpen over nattøyet, tok støvler på bena og spang ned i åkeren vår, mens jeg huiet og klappet i hendene. Det hjalp, for de tok vingene fatt, en etter en, og flokken oppløste seg. Faren var over for denne gang. Jeg fikk ikke sove og sto opp ved 2-tiden for å se om alt var rolig. Da kom "Måsefar", som satt på en stolpe ved vegen flyende rett på vinduet. Han kjente meg igjen og kom tydeligvis for å si takk for hjelpen, før han snudde og fløy til redet sitt. Det var en hyggelig opplevelse.

Neste natt kom gjengen igjen og plasserte seg på alle stolpene ved vegen. Nu var jeg mere forberedt, og jeg fordrev dem til leira før jeg vendte hjem igjen - ved Gjerdhaugsvingen! Etter dette ga de opp - og alt gikk bra med paret "vårt" til en enslig liten unge kom til verden i takstigen hos Karl, og falt deretter ned på balkongen. Det siste skjer hvert år, og en redningsaksjon fra Oddvar og Harry bragte det lille kreket ned i gresset i haven. Foreldrene klarte selv å manøvrere ungen over vegen, til åkeren nedenfor Oddvar. Der ble den matet og passet på noen få dager, så sluttet de å fly ned til den. Kanskje var den skadet i fallet, eller kanskje den ble mat for andre? Det var veldig synd på foreldrene i allefall.

De fortsatte å komme til oss for å spise, helt til de trakk bort med sine artsfrender. Siste gangen kom de bare for å sitte i stolpen i hagen. De spiste ikke maten. Det var vel avskjed for i år, for "Måsefar" satt i en times tid! Også fugler har sjel - det tror jeg. Nu venter vi spent på om de igjen besøker oss neste sommer. Jeg håper ikke at lille Sheeba skal jage dem bort. Luci prøvde ikke på det, men hun var jo syk, så...

Edith

$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$

ADVENT

Den nord-norske advent er i ordets rette betydning en mørk tid. Sola er borte hele døgnet. Etter en tid med litt sny og kaldt ver "slår han om". Sydvest og regn, stupmørkt og holkeføre. En liten lysning midt på dagen, så mørkt igjen og måne som "sett": Den ene kulingen avløser den andre, og regnet står som en vegg mot ruta. Slik ble det da også i år, og er det i skrivende stund.

- Men det er enda noen dager igjen, og vi håper fortsatt på en hvit jul. Først sny som laver ned dag og natt, og legger sitt hvite teppe over tak og tun. Så klar himmel med bitende frost, og en full måne som prikken over i en der den legger en gullbro over en stille fjord. - Dette er mine beste ønsker til Austavindens lesere for jula 1991.

Albert

$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$

ANNA RAVN TIL MINNE

Vi minnes Anna Ravn, født 29/2 1904 og død 10/4 1991.

Ho var født i ei lita grend i nærheten av Kjøpsvik i Tysfjord. Vilkårene var harde rundt i fjordbygdene for 80-90 år siden. Som de fleste ungjenter dengang var det bare en ting å slå inn på, - ut på tjenerjobb. Og derfor kom ho til heimen hos oss for over 60 år siden. Ho var ung og sterk, - livsglad og arbeidsvillig. Ho tok del i gårdens virksomhet på mange vis. Fra å hjelpe med skipsekspederinga i fjæra her, - ei fjære som rutebåtførerne skydde som pesten, - til husdyrleiting helt oppå høgfjellet.

Einar Ravn kunne ikke overse muligheten til å få ei dyktig kone på nærmeste nabogården. - Oppå "Likjestuloftet" fekk de - som så mange andre - sitt første hjem. - Seinere blei ho gårdkone i Mellastua. - De streva trutt, - det kom nytt fjøs og huset blei restaurert. Og barna kom. Ho var med overalt og skjøtte på med veving og bærsalg.

Einar døde tidlig bort, men ho bala videre åleine så langt kreftene varte. - Anna tok vel vare på gården på alle vis. Det tynnes no ut av disse gamle "slitets folk". Enno et hus står alene, stille og mørkt i nabolaget.

Vi minnes gleder og sorger i fellesskapet - og takker for laget.

Jørgen Kongsbakk

TANKER I EN FØRJULSTID

Dette har vi felles, fattig som rik, og på alle livets trinn - vi eldes sammen. Barnets første prøvende steg, og oldingens vaklende gang er en felles reise på livets vei. Når du med det unge menneskets kraft og mot står fram og kjemper for dine barns ve og vel, husk da at engang var det også noen som kjempet for deg. De gjorde det skjelden med ord og krav, men heller med offer og innsats. La ikke bekymringene for dagen og morgendagen kreve all din tid. Gi også dem noe som ryddet grunnen for deg.

Heller ikke i dag er krav deres livsstil, skjønt noen fortsatt er med på ferden. Om de ikke har krav så kanskje en bønn. Hjelp dem i kampen mot ensomheten, de gamles triste følgesvenn. La ikke ensomhet og glemsel bli den lønn du gir for din egen lykke. Materielle goder er vel og bra, men kan ikke erstatte behovet for menneskeli kontakt og varme. Gi også dem litt av din tid, den beste gaven et menneske kan gi til andre. Husk også at det er du som er bindeleddet mellom de som går og de som kommer.

Kanskje har du noe å lære av de som har levd gjennom skiftende tider. Turen blir også engang din, og da kommer det godt med alt som du fikk på din reise. Det som en gang i minnet skal varme ditt sinn, er ikke alt du vant gjennom strid og krav. - Men det som med mildhet du gav av deg selv.

A.O.

$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$



KJELL OLAV RAVN:
VIDREKS NYE POLITIKAR
I NARVIK KOMMUNESTYRE

Ved kommunevalget i haust blei Kjell Olav valgt inn for Sosialistisk Venstreparti i Narvik kommunestyre. Han går dermed inn i den ikkje alt for store rekka av tidligare kommunestyrepolitikarar frå Vidrek. Bestefaren Karl Ravn og broren hans, Edvin, satt i Ankenes herredstyre i si tid.

Austavinden spurte den nye representanten korsen han såg på vervet og ansvaret, og Kjell Olav svara:

> "Eg ser det som viktig at dei små bygdesamfunna blir sterkare markert i kommunepolitikken. Noen av dem har jo vore svært flink til å markere seg. Men generelt vil eg prioritere å få småbygdsamfunna sin synsvinkel inn i kommunepolitikken - så langt eg klarar."

Kjell Olav trur ikkje at den nye styringsstrukturen som Narvik går over til frå 1.januar, der all makt skal samles i kommunestyret, vil slå negativt ut for bygdene.

> "I utgangspunktet er eg positiv til nyordninga, etter som det innebær at de som er valgt av folket får ta avgjørelsane i større grad. Før har det vel vore så ymse med det."

På spørsmål om han har spesielle Vidrek-saker han vil fremme, svarar han:

> "Eg skulle tru at dette med kommunal overtaking av vann-verket på Vidrek blir viktig å få fortgang i. Men elles håper eg på at folk vil <u>bruke</u> meg, og komme med råd og tips om saker som er aktuelle."

Han fortel at han er blitt plassert i Komiteen for Omsorg og Oppvekst, som skal stelle med spørsmål som gjeld barn og unge, skole, helse og sosialforhold, og eldre.

> "Det var i grunnen denne komiteen eg ønska meg. Frå før av er det vel mest saker som gjeld barn, unge og skole eg har vore mest borte i, og eg veit enno ikkje kva oppgave eg blir "kontaktpolitikar" for. Eg går sjølv på gymnaset no, og vonar vel at eg får å gjøre mest med den delen av livsløpet som gjeld barn og unge."

AUSTAVINDEN ØNSKER KJELL OLAV LYKKE TIL MED VERVET, OG GJENTAR OPPFORDRINGA HANS OM Å BLI BRUKT AV BYGDEFOLKET.

Gott Nytt!

Barn & Ungdomssider

GÅTER:

① Hva gjør en glassmester når det ikke er noe glass igjen?

② Hvis en heks, et troll, en klok svenske og en norske stø i hvert sitt hjørne, og en bløtekake i midten. Hvem ville tatt kaken først?

③ Hva er det første som kommer inn hjemnom dora?

Facit: lengrei

BARNE X-ORD X-ORD X-ORD



NAVN:

ADRESSE

Løsningen (hele X-ordet) klippes ut og sendes til:
LARS FRAVN
VIRAKE-6-161
8520 ANKENESSTRAND

Merk konv. X-ORD

NISSEN SOM GRUDDE SEG SÅ TIL JULEN

AV LARS F. RAVN

Det var en gang en julenisse som grudde seg veldig til jul. Det var for han hadde ingen julepresang til alle barna.
De ville tro han var en doven julenisse,ja til å med kanskje flytte.Men det ville han ikke tenke på.
Hva skulle han finne på? Ja hva tror du?

Nå fant nissen på hva han skulle gj¢re!
HAN TIPPET I LOTTO,for han kunne jo vinne penger, ja så han kunne få råd til en HEL arbeidsgjeng.
Og det gjorde han.På den l¢rdagen var det i vært fall en som så på Lotto-trekningen.
Etter bare FEM minutter, ble det nesten jordskjelv,i det huset.Han van en HALV MILLION!
Da fikk han jo arbeidskamerater, ja leker til barna og.

Dagen etter begynte de. Ja det h¢rtes langt unna verkstedet hans. Det hamret og banket dag å natt.

Endelig kom julekvelden, og julenissen skulle med reinsdyra sine og fly med pakkene til ungene.
Da ble det vil jubel ja det h¢rtes over HELE landet.
Det ble den fineste jule som nissen hadde hatt i hele sitt liv.Men nå var klokken så mange, at han ville legge seg.
GOD NATT.Nå må vi være stille så vi ikke vekker han!
Han er sikkert sliten,så:Hyrsssssjjj!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!

****

MERK KONVOLUTTEN: "X-ORD"

INNEN 10.1.92

Og løsningen sendes som sagt til:

Lars F. Ravn
Viraak E6-161
8520 ANKENES

PREMIE TIL X-ORDET: Boka STJERNEHAVET.

1. Drikker av flaska.
2. Norsken. Det fins verken heksen, troll eller kloke svensker.
3. Nøkkelen.

FACIT SVAR PÅ GÅTER



SMÅNYTT FRA BYGDA...

*** Huset til Båsen har hatt leieboera ei tid, men no er dei flytta og huset er bydd ut på salg igjen.

*** Ho Sigfrid har sett seg opp med ny, fin leilighet i De eldres spareklubb i byen, nærmere bestemt Tårnveien (Ingrid og Reidar Larsen bor i samme hus, forøvrig.) Sanitetsforeninga har vore på inspeksjon og funne alt i orden. Så no kan ho Sigfrid fortsette som sesong-pendlar, og få med seg sommaren her ute og "sosietets-livet" i Narvik om vinteren!

*** Rønnaug Indregard er ansatt som landskapsarkitekt i Narvik, og flyttar til Vidrek i romjula. Ho skal bo i Sigfrid-stua, i alle fall i vår. Velkommen tilbake til Vidrek, etter nesten 30 år i "utlendighet"!

*** Jørn har hatt en variert arbeidsdag i år: han har vikariert på aldersheim og i barnehage. Siste nytt er at han har fått arbeidsplass i ambulansebil. Det kan vel trengs, så mykje ulykker det har vore på veiane i det siste.

*** Om han reknar det som stordag, veit vi ikkje, men faktum skal vere at Jørgen fyller 65 den 5.januar. Gratulerer!

*** Bygdas aller eldste, den einaste som er fødd på 1800-tallet, nemlig ho Petra, er verkelig ei som er "still going strong". Til sommaren fyller ho 94 år. Men tru berre ikkje at ho har lagt seg inn på noken "heim", endå helsa har skranta litt. Heimen er - no som før - Skogset. Og der blir ho!

*** Han Edmund har vore å sjå på bruket, rett som det er, og har stelt og ordna husa så det skin der ute.

*** En rask telefon-runde til kallan rett før jul avklarte at det ikkje var mykje julkveita som var brakt på land, nei! Reine uåret, spør du oss. Det skal bli folksomt av kalla på naust-takan om julaftan. Så får vi berre häpe at det utrulig milde veret vi har hatt i haust held seg i julhelga - elles blir det hustrig!

*** Martin vil opplyse om at han gjekk ein tur etter skiløypa (kjerkegården - grendehuset) med hekk-saks og sag i haust, så stort sett er kvistforholdan brukbar no. Han gjekk til og med opp spor - den dagen det var snø i november, ei tima før syndfloden. Men til vinteren (om han kjem?) ligg alt til rette for topp-prestasjona, i alle klassa og stilarta (unntatt fristil, kanskje). Vi ses i sporet!



Andreas Indregard skreiv i åra etter krigen ned ei mengd hefte med minne frå si oppvekst- og vaksentid. Vi har henta historia om moltene til kongen frå denne samlinga.

DÅ FAR HADDE KONGEDESERTEN I BUSSERULLEN OG SKJORTEARMANE

Ein sommar hadde vi Margerete Flygel, dotter til Nils Nilsa på Lendenes, til taus. Så ein dag skulle far og ho gå og leite moltebær. Ute på trappa blei dei ståande og spekulere kor dei skulle leggje vegen. Det var seint på tida og mest utplukka alle stader. Far visste ikkje, men sa at no fekk dei berre ta til å gå, skjebna fekk rå. - Det bar inn og oppover alle haugar og myrar. Men over alt var myrane vel avplukka. Dette såg svært dårleg ut. Det var sers ille, for far hadde vore i byen, og då hadde Kristian Mosling bede han skaffe bær til kongemiddagen som skulle vere på Grand. Kongen var nemleg ventande til Narvik, og det var Mosling som sto for tilstellinga på Grand Hotell. Han lova sers god pris dersom far kunne skaffe bær. Far hadde lova å gjere sitt beste.

Men no såg det altså vonlaust ut. Dei var komne på fjellhøgda ovafor Jo-Pålsaheimen og hadde mest ingen ting i bær-koppane. Her blei dei no samde om å skiljast og ta kvar si lei. Margerte gjekk mot Hamaren og far heldt fram innover.

Dei hadde just skild lag, då kom far over noko bær og tok til å plukke. Men så ville han sjå etter kor mykje det var han hadde for seg. Han gjekk framover mot bakkekanten der det tar til å halle ned med Skjervika. Og no såg han at denne myra han hadde byrja på heldt fram nedover, og over alt sto tett i tett med fin, mogen moltebær. Her var det berre om å få tak i hjelp. Han sprang oppover og soga etter Margrete. Ho høyrde det og kom straks attende. Så gjekk dei i gang å plukke. I ein fart var bærspanna full, men endå såg det ut til å vere like raudt av bær på myra. Far kledde av seg busserullen. Han tok mykje. Dei plukka i både armane og bolen, men endå var der mengda med bær att. No måtte overskjorta av, og dei plukka i henne óg. Berre så mykje det var råd å få i. Margrete sitt tørkle laut visst óg til før det var ende på bærmyra. Med alt dette skulle dei gå den lange vegen heim. Dei skar staurar og laga til børtre, men far sa dei var fælt avkjava i armane då dei nådde stua heime.
Så var det å gå i gang med bærreinskinga, for bæra skulle leverast i byen dagen etter.

Andre dagen var det storaustavind. Det tok tid med å kome seg av landet, og seint var det å slite seg framover oddane til Røsåsen. Dei blei ei god tid seinare enn vanleg. Dette var same dagen som Kongen skulle vere i byen, og eg trur det var så at bæra måtte vere på plass til kl. 8. - Då far kom så langt opp som til kjøpmann Jarl i gate 1, møtte han onkel Kristian. Han var på nedtur, og bar ein tom anker (kagge) under armen. Far spurde straks kor han hadde vore og seld bæra. Jau då, han hadde vore på Grand, og der hadde dei kjøpt all bæra hans. Prisen var sers god. Eg trur han hadde fått 80 øra literen. "Då eg høyrde det, blei eg slien," sa far. "No hadde nok ikkje eg ærend på Grand, når Kristian hadde vore der og seld. Og andre stader var sjølvsagt prisen mykje lågare." - Men far kom til det at han berre fekk gå til Grand og gjere som han ikkje visste om noko anna. Han gjekk inn på kjøkenet på Grand og sa frå at her kom moltebæra til kongemiddagen. Men det blei ikkje tatt for god fisk. Ho som stod for styren der, sa at dei hadde kjøpt bær og at dei ikkje skulle ha meir. Far meinte på at det ikkje blei hans sak, Mosling hadde tinga bæra og gjeve han ordre om å bære ho på Grand. Men kvinnfolket, som hadde det svært annsamt, blei flygande sint og meinte på at ho ikkje ville ta imot noko bær. Far strauk då i veg dit Kristian Mosling budde. Han sto just og drog flagget opp. Far helsa og sa at no var han komen

med bæra til kongemiddagen. Det var fin-fint, meinte Mosling på, han måtte berre vere så gild å bringe bæra på Grand. Far sa no frå at han hadde vore der, men at tenarskapen berre var "arg og besett" og nekta å ta imot. Dette var noko tøv, sa Mosling. "Gå du på Grand og hels frå meg at dei berre har å lystre ordre, elles skal dei få med meg å gjere." Då far kom atende til hotellet med denne tidenda, blei ikkje veret lettare der. Men dei turde ikkje nekte å ta bæra. Ei tenestegjenta blei send med ned i kjellaren til å måle og tøme bæra. Men her hadde dei ingen ting å tøme i, og kvinnfolket skjente og brukte seg på Mosling som laga til alt dette brøket. Til slutt var ho i veg og fann i ei gamal korg, av det slaget som ein brukte til å ha ull i. Der oppi blei bæra tømd. "Men safta berre flaut utover kjellargolvet," fortalde far.

Då han no på dette viset fekk tømd bærkoppane sine, tykte far det kunne vere nok denne dagen. Sidan då han kom til byen, gjekk han til Mosling og fekk oppgjer. Og prisen var det inga pruting på, han fekk det same som onkel Kristian hadde fått. Kr. Mosling fekk no å vite korleis bæra blei mottatt og handsama. Ja, han var nok samd om at ullkorga ikkje var den beste koppen å ha bæra i. Men alt hadde gått bra, - bæra hadde vore delikatesse på middagsbordet, og Håkon hadde ete av ho og tykt sers godt om det han fekk. At far hadde bore bæra heim i busserullen og overskjortarmane, veit eg ikkje om Håkon Rex endå har fått greie på. Og no har han jo ete opp mykje mat sidan den tid -.



SKAL VI VÆRE ENIGE OM...

Virak er en vakker bygd - det er det bare en mening om. Jeg føler meg priviligert som får bo sänn på mine gamle dager, etter å ha levd og bodd i by hele tiden.

Men "slik je ser det", så kan vi sammen gjøre noe for at bygda blir enda finere. Parkeringsplassen - som også er verdsatt av vegturistene for fotografering og et måltid i campingvogna - ser stygg ut. Likeså er veggrøfta på motsatt side av vegen lite pen, med gamle kabler og annet skrot. Det ligger også kabler lenger ut. Jeg er fullt klar over at dette ligger på Vegvesenets grunn, og er deres ansvar. Men det samme Vegvesenet har jo ikke nettopp anstrengt seg for å dekke med jord i veggrøttene, og å så til der store steiner alltid vil være synlig. Dessuten har de hugget all krattskogen i grøftene, men har bare latt den ligge der.

Jeg foreslår derfor at bygdefolket tar et orntlig skippertak (eller henstiller til de ansvarlige å fjerne rotet?) og rensker opp. Gjerder kan kanskje repareres i samme omgang. I sommer var det en sekretær fra NORTRA som skrev i avisene at folk i Nord-Norge måtte skjerpe seg og rydde rundt der turistene ferdes.
Jeg stiller øverst på lista for dugnad. Blir du med?

Edith

SLEKTSTEMNE

Først i august var det stemne for etterkommarane etter Gjertine og Martin Olsa Indregard, med stort frammøte. Ingen av borna til Tina og Martin lever no, og svigerdøtrene Sigfrid og Astrid fekk representere første slektleddet etter dei to. Men i leddet etter møtte alle 13 søskenborna, dei fleste med opptil fleire ungar, og eit par barnebarn.

Dagen starta med ei minnestund på kjerkegården på Vidrek, der Gjertine og Martin er gravlagt. Så bar det i bil til Sørskjomen, heimplassen til Martin. Der besøkte vi gammelstua til Martin sin bror, Edvart.

Sidan heldt det fram med middag på Royal, og til sist kaffe og hygge på grendehuset på Vidrek. Der presenterte Randi Gimse ei slektsbok for Indregard-slekta som ho har redigert.

Som ventelig var, blei det eit hjertelig gjensyn mellom mange som ikkje har sett kvarandre på fleire år, spreidd som etterkommarane er, frå Tromsø til Oslo.

13 søskenbarn på gendehus-trappa. Bakerste rekka (f.v.): Dag, Geir, Trond, Rønnaug, Stein, Martin og Tore, alle Indregard. Fremste rekka: Harald Åsheim, Vigdis Indregard, Randi Gimse, Tove Indregard, Marit Åsheim og Asbjørn Gimse.



TANKER I ADVENTA

Vi er inne i adventa og tenner det andre lys på den grønne, granduftende adventskransen med sløyfer og lilla stearinlys. Lillafargen som i forbindelse med adventa symboliserer ordene: Tro og forberedelse. Vi forbereder oss på det som skal komme - : Jula.

Jeg tror jula blir mer og mer viktig for oss nå med de trygge, gamle juletradisjoner og familien samlet.

Barna stråler og gleder seg, og det er ei varm, god tid med lys i mørketida.

Det er godt at vi kan samles om noe så trivelig og lunt i en ellers litt truet og urolig verden.

Julebudskapet i seg selv bringer trygghet og lys og løfte om en som alltid er der og bør dessuten gi utfordringen til alle mennesker om å ta vare på det fantastiske miljø og den natur vi ble gitt oss, der alt er så ufattelig viselig innrettet i det mylder av liv fra de aller minste livsformer og i all dyreverden, ~~og~~ alt tilpasset sine spesielle miljø opp til det mest høytstående vesen, mennesket, - mens alle de andre klodene som er utforsket, bare seiler der rundt tomme og kalde eller så opphetet at der ikke finnes muligheter til en slik rikdom i natur, miljø eller noe liv som på vår planet.

Men mennesket med sin intelligens må ikke komme så langt at de bruker den uklokt til heller å ødelegge natur og miljø på denne vår unike klode, hverken med kortsiktig indistruell økonomisk vinning eller individ/miljø forstyrrende genteknologi. All forskning og all teknologi må brukes med mere ansvar. Alt som ødelegger individenes tilpassningsevne og ødelegger vår natur og vårt miljø må ikke benyttes! - Og tilårskomne mennesker må ikke tenke bare kortsiktig økonomisk vinning uten å tenke på alle kommende generasjoner! Stans alt dette, mens det ennå er tid! -

Og arbeidsløyse og dårlig økonomi må heller ikke føre til fascisme, rasisme og nasisme. "Når krybben er tom, bites hestene", er et gammelt ord. Da må det alltid finnes syndebukker. Det blir egoisme og rasisme. - La ikke slikt slippe til! -

La oss tenke på julebudskapet som kom med solidaritet fra Gud og solidaritet menneskene i mellom, og la oss heller stå sammen, når det blir vanskelige tider! -

Ha ei glad og god jul alle!

Marit.

GRENSEFORRETNINGA PÅ VIDREK

I 1952 - 54

Mens grensegang-saka vår "skrider så sakteligen frem", kan det være litt artig å sjå attende til året 1952. Då fremma Staten krav om grensegang med grunneigarane på Vidrek, i Saltvik og i Räna. Etter som ein kan lese i Kretsprotokollen for Vidrek, drøfta vidrekingane (og tre frå Saltvik) saka i kretsmøte 21.6.1952, med Ole Olsen som ordstyrar.

Møtet studerte dei gamle utskiftingsforretningane frå 1845 og 1865. "Saken blev derfter inngående diskutert, og det viste seg at møtet var enstemmig av den oppfatning, at den Vidrek tilhørende grunn begrenses mot vest og syd-vest av grensen mot Ballangen herred, det vil si fra Ytre Sildvik - over Råntinden (Rånkjeipen) - og videre efter fjellryggen i retning Klubviktind. Mot syd begrenses arealet av den i dokumentet av 1845 beskrevne grense mot gården Klubvik. Også denne grense skal efter nevnte beskrivelse på "til høieste Fjeld".

Enevold Kongsbakk, Deberg Larsen og Hans Eidissen vart vald til oppmenn for bygda i saka.

Sjølve forretninga starta på skolen 2.7., med jordskiftedommar Einar Johansen som administrator, og Staten møtte med skogforvaltaren i Troms, "hr. Asbjørn Garås". Frå Vidrek møtte 13 oppsittarar. Etter at formalia var unnagjort, presenterte Staten v/Garås krava sine:

> "Skogforvalter Garås fremsatte krav om at Statens "høgfjell" og område mot "privateiendommene på Vidrek blir å begrense ved en linje langs "Saltvikryggen" bort til nederste Hammaren og videre til Skjærvikaksla, og vinkler her indover mot Klubbviktind.
>
> Skogforvalteren käserte i enkelhet omkring denne påstand - og fant det ganske naturlig at uttrykket " <u>høieste fjeld</u> " i forretningene 1845 og 1865 tok sikte på disse høydepunkter som nå nevnes i statens krav."

Oppmennene frå Vidrek hadde laga motinnlegg, skrive og lest opp av Enevold Kongsbakk. Her gjorde dei greie for korleis tilhøva var på Vidrek i 1845/1864, og slo fast at alle hus då var samla midt i gården, på eit 7,5 da. stort område.

> "Fra denne eneste bebodde plass sees landskapet fra fjorden til høieste fjellrygg og fjelltopp, Råntinden. Her <u>må</u> retten være satt."

Kongsbakk skildra så den mangesidige bruken ein i gammel tid hadde av fjellområda, og han påviste at spørsmålet om tolkinga av "høieste Fjeld" blei reist alt ved grensegangen i 1865, 20 år etter at begrepet var innført.

"Om dette uttaler Utskiftingsformannen Utne - Eisten Andreassen og Carl Pedersen bl.a. "at de Mænd der utførte forretningen med fuldt overlegg og syn for sagen bestemte høiden av teige til høieste fjeld kan heller ikke betvivles , da der på den kant kan sees fra søen eller stranden lige til høieste fjeld".

Talsmennene frå Vidrek heldt fleire innlegg. Mellom anna fortalte dei at oppsittarane på Vidrek fekk pengar frå advokatane Lumholtz og Skjølberg for dei mutingane som foregjekk oppe ved foten av Sukkertoppen i åra 1910-20.

Dagen etter var det skodde og regn, men den 4. juli kom retten seg på befaring i Vidrekfjellet. Under marsjen kom Einar Johansen med forslag om forliksmegling, men det avviste staten. Forslaget blei likevel presentert i retten dagen etter, i ein såkalla "replikk" frå oppmennene. Her heldt dei fast på sitt prinsipale krav, men la også fram eit subsidiært alternativ til delingslinje, som gjekk i ca. 800 meters høgde, rett nedfor Räntindvatnet og innover Rødfjellhøgda. Garås frå Staten kunne ikkje ta stilling til dette, og retten vart utsett på ubestemt tid.

Av referatet i kretsprotokollen går det klart fram kor sårt det var at nett Staten - som skulle være symbolet på tryggleik - var den som no truga hevdvunne og skriftfaste rettar knytta til Vidrek-gårdane. "Men det verste er vel den virkning på den unge bondeslekt - som mer og mer ligger åpent i dagen. De unge friske bondeungdommer - som skulle danne naturlig avløsning for den eldre slekt - søker seg mer og mer bort fra usikkerheten som truer bondenæringen på så mange områder i dag. Staten kunde ikke valgt uheldigere tidspunkt for den i denne forretning omhandlede ekspropriasjon enn nettop i denne tid", skriv Enevold Kongsbakk i protokollen.

NESTE AKT

22 september 1954 blei det på nytt sett rett i skolen, med den same retten til stades som i 1952. Staten ved Garås heldt på sitt. Etter som linjene 12 og 9 i utskiftingane frå 1845 og 1865 skar kvarandre av omlag ved Hammaren, måtte dette vere høgda ein då hadde meint skulle vere "høieste Fjeld", påsto han. Vidrekfolket, ved Enevold Kongsbakk og Hans Eidissen, la opp ein argumentasjon for å vise at området mellom Hammaren og Råntinden hadde vore eit gamalt bruksområde for folket her, og at dette var ein anerkjent rett i gamal tid. Fleire vitna om dette, m.a. Kristian Hansen. I kretsprotokollen står det:

"Han opplyste at da advokat Lumholtz omkring 1915 begynte å drive i fjellet, var han med og arbeidet der, på østre side av "Småvatnan" og i foten av Råmkjeipen. Da arbeidet hadde pågått en tid, infandt sig en del av Vidreks grunneiere, bl.a. Martin Olsen, Eliseus Olsen,

Johan Andreassen, Arnt Hansen m.fl. og vilde ha arbeidet stoppet, da grunneierne ikke hadde fått erstatning for den ved som blev hugd og benyttet av Lumholtz' folk. Forhandling blev straks satt i gang mellem de oppmøtte fra Vidrek og Lumholtz, og efter en kort tid kom det beskjed om at arbeidet kunde fortsette, da enighet var oppnådd om vederlag for veden. Han hørte inklusive om erstatning for driften i fjellet"

Deberg Larsen og Ole Olsen fortalde retten at dei i 1917 og 18 hadde arbeidd på fjellet under prøvedrifta, med vedhogging til brensel og reparasjon av brakkene. Deberg fortalde at far hans, Rones Larsen, kom heim til Holtvik med pengar han hadde mottatt av dei som sto for drifta i fjellet.

Frå Birgit Ravn vart det lagt fram ei erklæring om at hennes mann, Håkon Ravn, i ära omkring 1925-26 gjorde eit forsøk på å benytte Vidrekelva for å fløte fram ved fra fjellet.

"I den anledning blev et forholdsvis betydelig vedparti hugget i liene bak Hammarvatnet (369). Stedet ligger altsä betydelig lengere inne på fjellet enn det terreng som er synlig nede fra gårdene. Forsøket med fløting blev nærmest mislykket, og er av den grunn ikke gjentatt senere"

Det vart også vist prov for mykje anna nyttebruk som Vidrek hadde hatt av fjellet bak Hammaren: moltesanking, sauebeite, planar om seterdrift, jakt, fiske og hyttebygging. Ein avtale mellom Narvik Jæger og fiskeriforening frå 1920 om å løyve til å sette sette ut yngel i vatna blei også brukt som bevis.

DOMMEN

Siste rettsmøtet vart halde på Steigen Jordskiftekontor i Narvik 23.9.1954. Så var det ein ny grensegang. Den 28 desember i 1954 fall så dommen, eit langt dokument på 7 maskinskrivne sider. Eit viktig moment i dommen var ei utgreiing frå ein konsulent Tank om eit skjøte av 12.1. 1666 der Joachim Irgens kjøpte hele Nordlands Amt frå kong Fredrik III, inklusive alt høgfjell som ikkje var matrikulert til noen gård, "foruten de ubebyggede marker i fjellene hvor lappene bieter sine rensdyr." Nordland Amt vart "i 1682 igjen krongods, og frå då av var kongen eigar av" alt høgfjell i Salten som ikke hører til de skyldsatte gårder."

Retten la likevel sto vekt på den "bruksutøvelse" som vidrekingane hadde påvist, og fann at området attom

hammaren mätte reknast som ein del av Vidrek-gårdane. Ny grenselinje vart trekt og merka ved foten av Sukkertoppen/ Rødfjellet, slik at det som er ovafor er Staten sin grunn.

Vidrekfolket var berre så måtelig fornøgd med dommen, og det vart laga eit motskrift mot argumentasjonen. Men då kretsformannen, Ingvard Røsås, den 10.mars 1955 kalla inn til møte om ein skulle anke saka, møtte det berre opp 6 grunneigarar, og dei konkluderte med at det ikkje var "noen almindelig stemning for å ta opp saken." Dommen vart så vedteken. Men det ga nok ein litt bitter ettersmak at Vidrek vart idømt saksomkostningar på kr. 271 (av i alt kr.1091). Slik endte den historia.

Martin



$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$

JULEKORTET

På tross av tidens uendelighet av moderne kommunikasjons-former, så har likevel julekortet overlevd. Hvert år sirkulerer millioner av kort bare i Norge. Da tar folk seg sammen og sender en hilsen som har blitt utsatt gjennom året som gikk.

Skikken er gammel og god. Eldre mennesker minnes enda den tiden da de som barn gikk fra gård til gård og byttet kort. Det fulgte også mange fordeler med slik postombæring i disse førjulsdagene.

Dagens portotakster legger kanskje en viss demper på kortflommen, men God Jul, Godt nyttårs-ønsker vil likevel finne veien til de fleste hjem.

Den tradisjonelle listen blir funnet fram og gransket. Ikke alle fra i fjor er med lenger, og må strykes for alltid.

Men kanskje en i år skulle gjøre noe utradisjonelt, noe som har ligget latent, men aldri blitt gjort. Gjennom livet har det vært mange venner som etter hvert er blitt dunkle i minnet ditt. Men du vet de lever der hver på sin kant. Tenk om du kunne overraske noen av dem med en julehilsen. Et vennskap fra en tid som svant kan bli frisket opp til gjensidig glede. Først blir din gamle venn forundret, siden glad. Kanskje ble dette kortet fra deg den beste julegaven i år.

I juletiden blir en jo som barn igjen, så hvorfor ikke gjøre noe "barnslig" som kan bli til varig glede. Vær ikke redd for å dumme deg ut. Det eneste du risikerer er å få en hilsen tilbake, med takk fordi du gjorde det først.

A.O.

$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$$

Vidrak, Vidrek eller Vidræk?

Av Finn Myrvang

Magnus Røger har i Håløygminne 1943 (bind 6:449) ein liten historikk om garden Vidrek i dåverande Ankenes hd. Denne blir innleidd med eit oversyn over gamle skriveformer, i hovudsak henta frå Ryghs "Norske Gaardnavne", men supplerte med enkelte former frå tida etter 1723: Vi kan seie, forenkla, at blant dei eldste formene dominerer - rek, -reck, men vi finn og Wirach i 1612 så vel som Wirack i 1610, 1614, 1647 og 1661.

Om uttalen seier Magnus Røger: "Navnet uttales, som bygdens dialekt er, med stum d og æ-lyd, altså "Viræk", og man må vel gå ut fra at denne uttale, som har gått i arv fra slekt til slekt, er den riktige. Å anvende den nuværende skriveform "Vidrek" uten å benytte bygdens dialekt er uriktig. Navnet skal under alle omstendigheter uttales "Viræk". Så langt Røger.

Det er kjent nok at Rygh ville tolke namnet som ei samansetting av gn. viðr, m. "skog, ved" og gn. reki m. "stad der ting plar reke i land". Men her gir Røger sin skepsis klart til kjenne:

"Hvad angår O. Ryghs tydning av navnet, så vil jeg ikke bestride riktigheten, men tilføie følgende bemerkning: i en skogrik bygd som Ofoten har drivved ingen betydning hatt, i den utsrekning at en gård kunde ha fått navn deretter. Og dessuten forekommer der ikke drivved i fjorden, da denne er en lukket fjord som ikke har store elver som kan føre med sig skog og ved. Tydningen av navnet høres derfor unaturlig ut for bygdens folk."

Hans eiga namnetyding er at Vidrek inst i Ofoten eingong var ein "vidrekkende" gard som femnde om dei vide områda innanfor som endå inga busetting hadde. Dette er sikkert rett, i det reale, men den språklige sida av ei slik tolking er så problematisk at det må vere rett å kalle ho ein klar folkeetymologi.

Derimot blir Røgers reale innvending mot tolkinga i NG ståande, med full tilslutning frå alle lokalkjende, i samtid så vel som seinare.

Sjølv har eg hatt høve til å kjøre langs strendene på Vidrek på ein godversdag, innstilt på å finne ut noko meir om drivved-teorien. Og sant nok, han er lite tilforlatelig. Som andværing og vesteråling er eg vel van med å legge merke til korleis landskapet er på dei stadene der det vil samle seg rak, som t.d. Rekvika mellom Stave og Bleik på Andøya. Men Vidrek har eit heilt anna landskap: Det som framfor alt dominerer synsinntrykket når du fer frammed landet fram, er særs vide utgrynne eller leirer som fell tørre på fjære sjø. Eg såg ingen ting som kunne tyde på at der var drivved-plass.

Og vel å merke, først seinare vart eg merksam på kva Røger hadde å seie om saka.

Ei heilt anna forklaring byr seg fram, nemlig at sisteleddet - rek eller rettare sagt *-ræk* (med lang æ) går tilbake på eit terrengnemne som svarar til nordsamisk *rækča* (variant ræjča), som tyder "utleire" eller rettare berre "utgrynne", ettersom det både kan vere tale om *laira-rækča* (altså av leire) og *saddo-rækča* (av sand), også kalt sattie-lairie. Det sentrale blir her utleire som landskapstype og ikkje leire som materiale. Det er tydeligvis den digre *Vidrekleira* som har gitt garden namn!

Det same rækča har fleire interessante sider, reint grammatisk, men her vil eg legge hovudvekta på å vise korleis eit opphavlig samisk naturnamn kan ha blitt fornorska til Vidræk, Vidrek. I vår tid er samisk for av namnet i flg. Qvigstad rett og slett Virek (lang i og e), genitiv Virega. Men noko avgjerande argument mot forklaringa eg her skisserer kan neppe dette vere, for iallfall i nordlandske gardsnamn synest ei utvikling a) samisk namneform b) norsk innlån og tilpassing av det samiske namnet c) samisk tilbakelån og tilpassing av den fornorska namneforma å ha vore vanlig nok.

Det nordiske adj. "vid" finst som innlån i både nordsamisk (viidis) og lulesamisk, jfr. også lulesamisk viita adj. "vid, med stor utstrekning". Kva alder innlånet har, veit vel ingen, og eg kjenner ikkje noko døme på at det er brukt som førsteledd i andre samiske stadnamn. Som førsteledd i sørsamiske stadmanm mm. opptrer ordet med former som vir-, viri-, virisch-, viris-, virisj-. I samansetting med eit sisteledd som -rækča blir det i alle fall ingen skilnad.

Også førsteleddet Vi(d)- er dermed trulig samisk, lat så vere at det må vere eit opphavlig innlån frå nordisk. Elles må det vere rett å peike på at vår kunnskap om gamle nordlandske sjøfinn-dialektar er høgst fragmentarisk. Men i dag blir i alle fall Ofoten (fjorden) rekna som norsk vestgrense for nordsamisk språk.

Meg synest *rætja å vere ei ganske "logisk" lulesamisk form av rækča: Av norsktalande måtte ei tilsvarande ofotsamisk form nesten naturnødvendig bli oppfatta som *rækja, jfr. her den nordsamiske varianten ræjča. På eit norsk språkstadium då uttaleformer som sak-ja, vik-ja, brok-ja var einerrådande i ofotdialekten, må ei norsk tilpassing ræk-ja av samisk rækča, ræjča, *ræktja altså ha fortona seg nokså sjølvsagt, utan omsyn til at ordet slett ikkje er eit einstavings norsk hokjønnsord.

Litt gåtefullt er det at "falsk" bunden form **Vidrekja* (som eg trur eingong fanst) ikkje kan ha vore like motstanddyktig mot påtvungen skriftnormering til ubunden form som mange andre nordlandske gardsnamn. Men

skriveforma "af *Widrekom*" hos Aslak Bolt så vel som varianten *Vigerecke* frå ca 1520 tyder iallfall på at det eingong fanst ei uttaleform som skrivarane søkte å normere så godt dei forstod, enten dei no greip til ein norsk eller dansk skriveskikk. - At hevdvunnen uttale Viræk med lang, brei æ seinare iblant vart oppfatta som *Vidrak* på godt dansk er i denne samanhengen ikkje det aller minste overraskande!

Tidlig på 1900-talet - årstalet skal eg la vere usagt - vart Vidrek postadr. Seinare er denne atter rasjonalisert bort, liksom så mange andre i grisne norske grender. Detaljane i dette ordskiftet kjenner eg ikkje, og trulig ville dei for mitt vedkommande vere lite interessante: Fleire gonger har eg nemlig høyrt nemnt, utan i det heile å ha spurt om den sida av saka, at striden om stavemåten i høg grad var eit spørsmål om kven folk ætta frå - innflyttarar eller folk som var ofotingar i alle kjente ledd. Altså i langt høgare grad eit sosiologisk enn eit filologisk stridsemne: For den som vil finne ut kva eit namn tyder, er den slags vinkling sjølvsagt lite gagnlig.

Men framleis er det visstnok ein del kjensler knytt til dette gamle namnespørsmålet: I alle fall er det neppe meir enn 1-2 år sidan NRK i Bodø (lokalsending) meldte at privat initiativ (les sprayboks) var tatt i bruk for å "rette" Vedrek til Vi(d?)rak.

Kor ironisk blir det ikkje då - dersom mi namnetyding er rett, vel å merke - at begge partar får like mykje/like lite rett: Sisteleddet med nedarva uttale *-ræk* kjem fra samisk *rækča,* som med moderne nordsamisk stavemåte skulle bli *reakča.*

Er så Vidræk alias Vidrek/Vidrak i dag eit norsk eller samisk namn? Det kunne óg bli eit interessant ordskifte!



Hefte 1-1991 72. årg. 18. bind

Denne artikkelen har vi saksa frå tidsskriftet HÅLØYGMINNE nr.1/91. Dermed har vi endå ein teori om opphavet til Vidrek-namnet, i tillegg til dei vi hadde frå før. Kanskje er vi det beste eksemplet på det gamle ordtaket "KJÆRT BARN HAR MANGE NAMN"?

FRED

(GERD KROGSTAD)



November, årets mørkeste tid. November med storm og regn kan føles drepende tung å komme gjennom. Somme nordboere rømmer rett og slett etter trekkfuglene, - til syden. Men, vi her i Ofoten, i alle fall, - har opplevd en "aprilsk "november. Grønne plener, sommerblomster og småfugler som ikke skulle være her på denne tiden. "Tornerose" har skiftet med frosne knopper og nyutsprugne roser,- vekselvis med gradestokken fra 0 til 10. Ved fullmåne- 12-13 de ds.var det, som vanlig for meg her i skogkanten, et vidunderlig skue fra orkesterplass. Du sitter bare der å nyter dette "underbare" skue til langt på natt. Du føler deg så liten i universet, men likevel så rik og senner en takk for at du bor - og lever i denne vakre bygda, ved denne fjorden med de storslåtte fjellene rundt. "FRED" har vi på reportuaret i Ballangen bl.kor. Teksten passet så godt,- der og da,-

- for en nattsvermer i november. . . .

FRÅ AMERIKATUREN

TIL ANNE BERIT

12.APRIL

I DISNEYLAND

A for ein dag! Me stod opp kl. 06.00 og var heime kl. 24.00. The American way of living! (Slik gjer dei det i Amerika.)
Kim, dattera til Dennis og Siony skulle vere med oss til Disneyland saman med ei venninne. Og det var påske og skulefri. Kim er 15 år og ei kjekk jente. Ho elska å sjå på T.V.en. Rigga seg til framfor der etter frokost på eit par puter, med noko godt å ete, og ein kortstokk til å bruke i kjedelege stunder (sjølv om det var 20 forskjellige program å velge i).
Kim er flink på skulen og jobbar hardt. Og i 3 veker i sommar var ho på leir på skulen sin for å forbedre matematikken. Men når en har fri, da skal ein kose seg.
Ho har to brødre på 16 og 18 år, men dei var mykje borte, - var ute og kjørte bil. Sertifikatet kan ein ta når ein er 16 år der borte.

Men nå skulle vi altså til Disneyland. 1 1/2 times kjøring var det til på High Way´en (motorvegen). Trafikken glei fint. Huffda, der stod ein med vrengt dør, dvs. døra var borte. Dumt å gå ut når ein har fått motorstopp.... Men High Way Patrol´en var der på minuttet og ordna opp.

Me var framme ca. kl. 09.00. Mange folk allerede nå. Skal tru hva dei skal ta meg med på nå. - Ja, det var det eg frykta. Slikt som går fort og opp og ned er eg ikkje overbegeistra for. Og nå skulle me gå ombord i ei "romferge", og me skulle ein tur ut i "universet".
Bare eg ikkje spyr. Men eg tenkte at eg skulle ikkje vere pysete.

"Romferga" var ein sal med eit kinolerret i, og stolar med sikkerhetsbelter. Og "ferga" kunne riste på ordentlig, ellers var resten lureri.
Nå starta moroa. Lyset vart sløkt og skjermen vart slått på. Og vips! så var me ute i verdensrommet. Og her fekk eg meg mitt livs villaste "tur". Me tok av frå jorda og fauk ut i verdensrommet mellom alle stjernene. og du store min, der kom det allerede nokon som skulle ta oss. Nærmare og nærmare rett i mot oss, rett i mot oss, rett-i-mot-oss....oj, der for han forbi! Gulp -
Så dansa vi vidare. Der havna me på ein annan planet, og dukka ned i ei smal revne i terrenget. Det var akkurat plass til oss og ingen fleire. Opp og ned og hit og dit. (Mageinnhaldet var faretrugande nært overflata.) Og der kjem eit romskip imot oss i like stor fart. Eg set i eit hyl og trudde det skulle smelle til, - pust - det gjekk visst bra, - han for over oss. Eg var glad da me kom på "landjorda" igjen. Synes det var ein lang tur. Og nå blir det vel ei pause. Hadde nok litt lysegrønn kulør da eg forlot "fartøyet".
Kva blir det neste tru? - Nei, ikkje meir nå. Svelg, svelg.

Space Mountain - togtur i universet.
Det var ikkje noko likare. Berg- og dalbane i mørkret. Me blir på nytt kasta ut i stjernene. Og i mørkret kunne ein ikkje sjå hva ein hadde i vente. Så da eg trudde det skulle gå oppover kunne det like gjerne gå nedover. Og svinge gjorde det heile tida. Ja, det var bare å moblisere all viljen og trykke seg godt ned i setet. Men også dette tok slutt ein gang. Og eg hadde fått nok av stjernereisene.

Neste post på programmet var spøkelseshuset. Huset såg nifst ut. Me gikk inn og vart stengt inne i eit stort seks- eller åttekanta rom med mange dører slik at ein ikkje hadde ryggen fri. GRØSS!
Så hørte me stemmer samtidig med at lyset i lysekrona vart svakare og svakare, og for å få fleire hår til å reise seg, vaia lysekrona hit og dit.
Og så - sakte med sikkert ser eg at veggene strekker seg og taket glir lenger og lenger ifrå meg. Alle er stille, og eg held eit krampaktig tak i armen til Dennis. Ja, eg er lettskremt, så eg lika meg ikkje da.
Men så går ei av dørene opp, og eg får pusterom. Vi skal på nytt kjøre tog, og helse på alle spøkelsa og gjenferda. Eg visste ikkje hva som venta meg bak neste sving. Dansande skjelett som tok etter meg, og ånder som sat og inntok middagen sin osv. Huff!

Men så skulle eg endeleg få oppleve noko hyggeleg. Guide Vision-sirkelkino i 360°. Og me fekk ingen stol, me skulle stå og halde oss i stativ i kinosalen. Og dei var gode å ha. For når du trur at du kjører med båt på Coloradoelva (når du ser filmen på alle kantar føles det som at du er midt i hendingane) og når bølgene slår mot båten, må du halde deg fast.

Så "kjørte" me med fly i Grand Canyon, - flott utsikt. Me var også ein tur i Alaska. Ein tur med undervannsbåt fekk me og.

Så skulle me inn i piratgrotten. Det var laga til ei elv inne i eit fjell, og der kjørte me båt i mørkret. Og dette var eit skodespel. Her var det sjørøverar til gnags. Dokker som dansa og svinga med flaska og sang. Sjørøvarskuta var der også, til og med alle gullskattane. Og høner, hundar og katter som såg heilt levande ut.

Så var me i Country Bear House, på bjørneshow med westernmusikk. Skikkeleg bjørneorkester med alle instrument som høyrer til; banjo, gitar, fele.
På veggane i salen hang det utstoppa elgar og rådyr. Dei sang også med.

Me tok Disneyland monorail - einspsora jernbane etterpå. Denne gjekk over heile Disneyland, så me kunne få sjå hva som var der. Og sjølv om me var der i 12 timar, var me ikkje med på halv-parten. Eg skulle ha vore der i 2 dagar.

Nå skulle me bli med på noko snodig. Inn i ein ny kinosal. Me fekk utdelt 3-dimensjonale briller ved inngangen.
Det var ein film om Mr. Eagle. Som var i eit romfartøy som hadde stranda, og der kom dei ut for eit menneskeuhyre. Mr. Eagle hadde med seg ein liten maskot som såg ut som ein liten bjørn med venger og lange klør. Denne maskoten sveiva rundt omkring. Brått var han rett framfor nasa mi og eg prøva å vifte han bort, men

han var ikkje der. Dennis fekk seg på nytt ein god latter.
Og denne forferdelege skapningen som skulle ta Mr. Eagle og vennene hans, var stygg og hadde lange klør han også, og dei fekk eg opp i ansiktet gang etter gang. Og skjølv om eg visste det var fordi eg hadde desse brillene på meg, så kunne eg ikkje la vere å vifte vekk dette ekle.

Så var me på show med Donald, Mikke Mus, dei 3 små grisane og den store stygge ulven osv., og det var kjempeartig å sjå på. Ungane og eg kosa oss.

Tihihouse var eit indianartelt og dit skulle me nå. Da me kom inn i det koselege rommet var det heilt stille. Rundt omkring på veggane hang det kunstige blomar, og papegøyer og alle slags småfuglar over alt. Totempelar og slike ting var det der og. Midt i rommet stod det ein oppsats av blomar og med ei flott fontene i midten.
Så byrja totempelane å synge, ein etter ein, så fuglane, med kvar si stemme og så alle blomane. Små munnar rørte på seg og fine stemmer kom fram heilt til det vart eit stort kor av det. I oppsatsen midt på golvet folda det seg ut blomar, og vannstrålane dansa i takt med musikken. Det var flott å sjå.

Kvelden kom og det vart mørkt. Og paraden skulle gå. Eit kjempelangt opptog med ungdomar utkledde i fargesprakande draktar dansa og sang seg gjennom Disneylands gater. Og oppblåsbare tegneseriefigurar i telefonstolpehøgde var med i toget. Eg trur det heldt på i eit par timar. Ja, amerikanarane likar underholdning, det er sikkert.

Nå byrja eg å bli ganske utslitt av alt dette kjøret og eg lengta heim til senga. Og tilslutt var me på tur tilbake til Smoketree Avenuee. Og det var ikkje store skravlinga på turen heim, nei.

14. april.

I dag fekk eg vere med på ein filippinsk restaurant saman med Siony og familien hennar frå Filippinene.
Kjempegod mat og trivelege folk.
Og litt seinare ein tur til Malibu, ein plass med nydelege sandstrender ved Stillehavet.
På ein ny restaurant i 18. etg. og inntok eit nytt måltid. Det vart i meste laget med eting for meg. Og familien min skulle for all del spandere på meg. Og så for me heim og såg 3 videofilmar.

15. april.

Dennis og Sioney er katolikkar og går ofte i kyrkja. Gjerne før frokost, eller ein tur seint på kvelden, og kvar søndag.
Det var påskeaften og høgtlesning frå Jesu lidelseshistorie. Det var interessant å sjå korleis katolikkane tolka dette.

Eg fann i alle fall ut at amerikanarane lika å leve livet, sjølv om dei var djupt religiøse. Dei unte seg å vere glade.
Nordmenn er meir nøkterne og alvorlege, og godt er nå det mange gonger. Men litt har me vel alle å lære av kvarandre.

Slik gjestfridom har ikkje eg opplevd nokon stad som da eg møtte familien min i U.S.A. Dei vart som nær familie for meg, så eg kjem til å besøke dei fleire gonger. Me har fått god kontakt. Og om eit par år kjem fleire av dei til Nord-Noreg, har dei sagt.

Dette var om turen i Los Angeles.
Men eg reiste også til Wisconsin og besøkte slektningane mine der og. Og det var mange. Dei hadde eit familieselskap for meg, og da kom det ikkje mindre enn 70 stykker!

Og dei visste ikkje det beste dei kunne gjere.
Eg måtte innom alle heimane der dei budde. Eg var den fyrste av dei norske slektningane som hadde kome på besøk, og det er 80-90 år sidan dei flytta til Amerika.

Eg har slekt på både mormor og morfar si side. På mormor si side traff eg hennes søskenbarn, Clara som er 90 år. Og på morfar si side traff eg mor mi sine to søskenbarn som er ca. 75 år gamle.

Eg hadde mange flotte dager der også, som eg aldri kjem til å gløyme.
Å oppdage så mykje av slekta si som eg trudde ikkje fanst, er ei rar oppleving. Og gjett om eg hadde mykje å fortelja om da eg kom heim!!!

VI INVITERER ALLE

TIL

JULETREFEST

PÅ GRENDEHUSET

LØRDAG 28 DESEMBER

(4.JULEDAG)

KL. 17.00

Ta med matfat og småpakker.

Vi serverer brus og kaffe.

JULETREGANG

VELKOMMEN!

VIDREK GRENDELAG